# Uskedelingar i New York Marathon

08.11.2014




Yngve Myhre like etter målpassering i New York Marathon sist helg(Foto: Privat)

**Sist helg deltok to utflytta Uskedelingar i New York Marathon saman med over 50.000 andre løparar. Både Åshild Fykse og Yngve Myhre gjennomførte sitt første maratonløp, og for begge vart dei 42 195 metrane ei flott og uforgløymeleg oppleving.**

Yngve seier til uskedalen.no at det var ganske kaldt før start, og at første halvdel av løpet på mange måtar var ein tolmodighetsprøve. Då måtte han halda litt att, og kjenne etter at kroppen og beina fungerte. På mange måtar var den andre halvdelen greiare, for då kunne han gje meir på. Totalt sett var det ei kjempeoppleving med mykje publikum langs løypa.
Kraftprøven vart forsterka ved at dei hadde motvind gjennom stort sett heile løpet.

På spørsmål om det gav meirsmak slik at han har planar om nye maratonløp, fortel Yngve at han håpar han skal få delta i alle dei 7 store maratonløpa i verda. Om det vert neste vert Sydney, Tokyo, Boston, London eller Berlin veit han ikkje enno.



# Åshild hyllet av millioner i New York

I MÅL: Åshild Fykse hadde grunn til å være fornøyd etter at hun hadde fullført sitt aller første helmaratonløp noensinne.

**NEW YORK: For to år siden reiste Åshild Fykse til USA for å delta i New York Marathon. Stormen og den påfølgende avlysningen knuste drømmen om å få oppleve verdens mest populære maratonløp. I år fikk Åshild realisert den.**

Uskedalen-damen var nemlig blant de godt og vel 50 000 deltakerne som krysset målstreken i verdens største og mest populære maratonløp. Dermed vet den spreke legen hvordan det er å løpe maraton i den amerikanske millionbyen. Hun ville ikke ...

... første gjorde Kvinnherad-debutanten med glans.

## Streng sikkerhet

Deltakerne i New York Marathon blir skysset tidlig ut til starten. Det er logistikken og ikke minst de strenge sikkerhetsbestemmelsene som gjør at horden av løpere blir transportert inn på et sperret område i det natta i New York er i ferd med å bli til i dag. Flere sikkerhetskontroller passeres før løperne er inne på det store startområdet. Åshild Fykse fikk føle på kroppen at det er en utfordring å beholde varmen i mange timer. Hun var opptatt av å bruke minst mulig energi foran det som var hennes første løpetur i New ...

TRANGT: Det var kamp om startposisjonene da over 50 000 løpere la i vei i New York Marathon.

Kvinnheringen har brei omtale av Åshild Fykse si deltaking.

Åshild var førebudd på å delta i løpet for 2 år sidan, men då gjorde storm og uver at løpet vart avlyst. I år fekk ho imidlertid draumen oppfyllt. Ho var både fornøgd og naturleg nok sliten etter løpet, og hadde derfor ikkje bestemt seg for om det vart fleire maratonløp like etter målpassering.

- Ein ny start er ikkje det første du tenkjer på like etter målgang. Eg må få denne mektige opplevinga på avstand før eg vurderer om det kan verta aktuelt, utalte ho i Kvinnheringen sitt fredagsnummer. Der kan vi lesa om Åshild si oppleving over ei heil side.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.